



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FA-Q10
Arkivsaksnr: 17/391	Løpenr: 17/3035
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	16.03.2017	010/17	HLV

### ENDRING TIDSPLAN FOR FINANSIERING - RASSIKRING VEG TOTRÆNA

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tidsplan for å gjennomføra tiltak for å rassikre og legge om Totrævegen vert endra til 2017. Midlar sett av i økonomiplanen 2017-18 på inntil 3,5 millionar vert finansiert med ubundne fondsmidlar i 2017.

#### 16.03.2017 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:  
Kommunestyrerepresentantane diskuterte saka.

#### Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Tidsplan for å gjennomføra tiltak for å rassikra og legge om Totrævegen vert endra til 2017. Midlar sett av i økonomiplanen 2017-18 på inntil 2,5 millionar vert finansiert med ubundne fondsmidlar i 2017.

Det vart røysta over framlegget frå rådmannen og over framlegget frå Knut Harald Frøland (Bl), og resultatet vart som følgjer:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:	Framlegg til vedtak frå Knut Harald Frøland (Bl)
Gunn Østvik Petersen (A)	Nils Aadland (A)
Øyvind Strømmen (MDG)	Vidar Tveiterås (A)
Arild Røen (H)	Harald Boge (A)
Sture Tveit (H)	Kristian Jørgensen (Krf)
Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig)	Gunn Totland Moss (Krf)
	Karl B. Kollbotn (Frp)

Gunnar Bruvik (Frp)
Ingvild R. Bøgevik (Frp)
Knut Harald Frøland (Bl)
Lena Tveit (Bl)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Martin Haugen (Bl)
Solveig Vassenden (Bl)
Øyvind Røen (Sp)
Monica Tjønna (Sp)
<b>Totalt: 5 røyster</b>
<b>Totalt: 15 røyster</b>

Framlegget fra **Knut Harald Frøland (Bl)** vart vedteke med 15 mot 5 røyster.

#### **KS-010/17 VEDTAK:**

Tidsplan for å gjennomføra tiltak for å rassikra og legge om Totrævegen vert endra til 2017. Midlar sett av i økonomiplanen 2017-18 på inntil 2,5 millionar vert finansiert med ubundne fondsmidlar i 2017.

---

#### **Dokument som ikkje er vedlagt:**

Søknad frå SK om dispensasjon for å rassikre og legge om nedre del av vegen til Totræna.  
SWEKO-rapport datert 09.03.2016 om skredfare veg Totræna.

---

**Kva saka gjeld:** Endre tidsplan for finansiering til 2017 og gjennomføre rassikring av nedre del av vegen til Totræna i 2017.

**Bakgrunn for saka:** Avkøyring og nedste del av vegen til Totræna er rassfarleg, jf geolograpport datert 09.03.2016. Rapporten foreslår å legge om avkøyringa av vegen eller bygge heilt ny trase. Geologen har og vurdert alternative traseval i søknaden om dispensasjon datert 02.03.17. I økonomiplan 2017-2020 er rassikring av vegen omtala og kommunestyret vedtok å sette av 1 million kroner i 2017 og 2,5 millionar i 2018 til omlegging av vegen (KS-sak100/16). Tiltaket skulle finansierast med ubundne fond.

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Teknisk drift har rapportert om fleire mindre ras og steinsprang den siste tida. Dei frykter at større ras vil komme, og at vegen vil verte stengt på kort varsel. Auka aktivitet i skianlegget har og ført til at vegen er meir i bruk en tidlegare. Ved store nedbørsmengder og ekstremnedbør er vegen svært rasutsett. Tiltaket bør derfor verte framskunda og ny trase bør verte teken i bruk snarast mogleg. Kommunen har fått avtale med grunneigar om å legge om vegen.

Det er krav om reguleringsplan for slike tiltak. Kommunen søker derfor om dispensasjon for framskunde tiltaket og finne ei snarleg rassikker løysing. Dispensasjonen ligg no til fylkesmannen til uttale (hasteuttale).

Teknisk drift har saman med grunneigar utarbeidd eitt forslag til trase (alt. 1). I samband med handsaming av dispensasjonen har teknisk forvaltning henta inn uttale frå geolog og utarbeidd eit

alternativ 2, og ein kombinasjon av desse (alt 3). Alternativa er sendt til uttale til fylkesmannen som forslag til løysing. Anbod på valt trase vert henta så snart formelle krav er innfridd, og kommunen kan starte bygginga.

Den økonomiske ramma som er sett av til tiltaket er stipulert til å vera tilstrekkeleg, medan tidsplanen for finansieringa som er vedteken må framskundast. Tiltaket er finansiert med fondsmidlar i både 2017-18. Det let seg gjera å finansiera heile tiltaket i 2017 med ubundne fondsmidlar.